



Gripsgård Bygg AS  
Roslandsvegen 364A  
5918 FREKHAUG

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 22/2823 - 22/30519

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
20.04.2022

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 351/1 veg Landsvik**

Tiltak: Dispensasjon - veg  
Byggjestad: Gbnr: 351/1  
Tiltakshavar: Hege Landsvik  
Ansvarleg søkjar: Gripsgård Bygg AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 29.03.2022.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må liggje føre samtykkje frå grunneigar av gbnr 351/3 på plassering av avkøyrse delvis på hans grunn. Evt. kan avkøyrse flyttast på eigen grunn.
2. Ved plassering av veg nærare enn 4 meter, skal det liggje føre samtykkje frå grunneigar eller søkjast dispensasjon frå PBL §29-4 avstandskrav.
3. Om det skal søkjast om frådelling av to parsellar, skal det søkjast om utvida bruk av avkøyrse frå næraste offentleg veg.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 21.05.22. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### **GENERELL INFORMASJON**

#### **Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Hege Landsvik

ØVRE LYNGBØ 35

5164

LAKSEVÅG

### **Mottakarar:**

Gripsgård Bygg AS

Roslandsvegen 364A

5918

FREKHAUG